

Arkivnr: 2018/16486-93
Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

Offl §13 jfr fvl §13, 1. ledd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.09.2019

Regulering av løn til prosjektleiar

Fellesnemnda sitt forhandlingsutval tilrår at det vert gjort slikt vedtak:

Fellesnemnda vedtek at løna til prosjektleiar vert regulert med 4,115 prosent med verknad frå 1. januar 2019.

Leiar av forhandlingsutvalet
Jenny Følling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fellesnemnda sitt forhandlingsutval, 12.09.2019

Bakgrunn for saka

Prosjektleiar for nye Vestland fylkeskommune tok til i stillinga 14. juni 2018. Årsløna for stillinga vart fastsett til det same samla beløpet som prosjektleiar allereie hadde fått med verknad frå mai 2017 i stillinga som fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune.

Denne årsløna vart ikkje gjenstand for den ordinære lønsreguleringa per 1. mai 2018 som omfatta andre tilsette både i Hordaland og i Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

I 2019 er ramma for lønstillegg til direktørane i Sogn og Fjordane fylkeskommune fastsett til 4,115 prosent med verknad frå 1. januar 2019, medan tilsvarande ramme i Hordaland fylkeskommune er 3,2 prosent med verknad frå 1. mai 2019.

Innstilling frå fellesnemnda sitt forhandlingsutval

På møte i fellesnemnda, 4.mai 2018, vart det i sak om tilsetting av prosjektleiar/fylkesrådmann m.a gjort følgjande vedtak:

«Fellesnemnda delegerer fullmakt til eit utval bestående av fylkesordførar Jenny Følling, varafylkesordførar Pål Kårbø og gruppeleiar i Høgre Silja Ekeland Bjørkly til å gjere avtale om lønsvilkår og andre vilkår samt tidspunktet for å ta til i stillinga. Utvalet vert leia av fylkesordførar Jenny Følling.»

På bakgrunn av at prosjektleiar si årsløn ikkje vart regulert i 2018 i forhold til årsløna per 2017, tilrår fellesnemnda sitt forhandlingsutval at årsløna til prosjektleiar vert regulert med 4,115 prosent med verknad frå 1. januar 2019.